Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvikne

Emne: Ard og Plog. Bygdelag: Kvikne

Oppskr. av: Lars Kvevne Gard: Kvevne

(adresse): Ysel G.nr. 34 Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eiga röynsle. Födt 9/4-1884, gardbrukar fra 15 års alder.

SVAR

Ard har ikkje vore brukt i Kvikne det eg veit om.

Plogar av heimesmidde typar var brukt til etter 1900. Antageligvis vart dei fyrste fabrikksmidde plogar kjöpt i dei fyrste åra etter 1900. For ein heimsmidd plog betaltes i 1895-96 ca. Kr. 25.- à 30. kroner. Her i bygda var dei heimesmidde plogar gjort av ein svensk smed som

14. budde i bygda ei tid. Noe serskilt namn på disse plogar har eg ikkje höyrt. Veltefjöla var vridd og ~~av~~ helt av jern. Arlesten var også av jern. Desse plogar likna mest på fig. 14. med to armer til å halda i å styre.

15.- Plogkar har ikke hadd med öks eller spade for å renske veltefjöla, men hadde spade i nerheten om det trongs til å velte fora.

16. Plogen vart velta på motsatte side når en
17. kjörte tilbake. Det var en kloss eller et jarn på åsen for å halde plogen opp fra jorda når en kjörte tilbake.

18 Dei hadde gjerne höyre eller venstreplog etter som det passa best på gårdane for lettest å trekke for hestene.

19 Dei plöjde oftast en 5 tomsdypt. En trekrok var

1535

påsatt som regulerte dybden. Desuten
kunne dybden reguleres endel med å flytte
draget opp eller ned i den hanken som
var påsatt på enden av åsen. Denne
hanken kaldte man tuggu.




Denne trekroken kaldte man moldfot.
Denne tuggu var også stillbar til siden så
den kunne svinges i retning etter åsen,
eller til høgre eller vinstre etter som plogen
ville gå for å ta bred eller smal fure.
Desse heimsmidde plogar var nokså lik
dei som seinare ble gjort på fabrikk.

ad. 21 Ristil brukte dei før det kom plogar i bruk.
Dei satte ein stor kniv i ein stäer og
skjyode opp ei linje og så bruka dei
enten ei bred hakke eller ein spade av
tre med jernsko under for å vende fora.

22 Har ikkje høyrt om at dei bruka noko anna
redskap for å kjøre plogen til eller frå den
stoden dei skulde bruka ham, medmindre
at det var lengre avstander.

23 Denne plog er ikkje kjendt i Kvikne.
Navnet ard er kjendt i bygda. Navnet uttalt
med tykk l. Ordet er hankjønn i bygda-
målet. - (Een al). (Een plog).

Yset i Kvikne 22/4-1948.

Lars Kvam.

1535
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY